



Frivillig innsats

Dei frivillige er ein bærebjelke i Den norske kyrkja og ein nøkkel til at kyrkja når ut til, inkluderer og engasjerer fleire menneske. Utan frivillige stoppar mykje av kyrkja sitt arbeid i lokalsamfunna. Kyrkja engasjerer menneske over heile landet til arbeid for barn og unge, kulturarbeid, diakonalt arbeid og arbeid med gudsteneste.

Talet på frivillige medarbeidarar har auka

Kurset «Inviterende kirke» i Bjørgvin bispedømme vart ferdigutvikla i 2023 med støtte frå diakonale innovasjonsmidlar. Det er eit verktøy for å jobbe målretta og praktisk med kyrkjevekst og kyrkjeutvikling gjennom å utruste kyrkjelyden til å være meir utadretta og senke terskelen for deltaking. Fleire kyrkjelydar har prøvd det, og tilbagemeldingane viser at kurset har lukkast i å aktivisera kyrkjelydane. Det har opna opp for at ein har våga å gjera ting på nye måtar og invitera folk inn.